



Informasjonsnotat / orientering

Til:

Øyvind Strømmen

Frå:

Marit Aksnes

SVAR PÅ INTERPELLASJON - BRUK AV EPC-KONTRAKT FOR Å SPARA STRAUM

Saknr/Journalnr

11/641/14/3631/ASK/TR

Arkivkode

FE-033, TI-&29

Dato:

18.06.2014

Bygdalista ved Øyvind Strømmen har stilt spørsmål ved om Samnanger kommune har vurdert å bruka EPC-kontraktar for å spara straum.

Samnanger kommune har og har hatt fokus på energisparing. Renovering av kommunehuset var eit døme på eit tiltak som m.a. hadde som mål å få eit lågare energiforbruk. Svømmebassenget er eit anna område som er utfordrande også energimessig.

Samnanger kommune har fram til no ikkje vurdert å nytta EPC-kontraktar. Kommunen har lite kunnskap om dette, og det er derfor vanskeleg å veta kor nyttig det vil vera m.a. med tanke på den måten me gjennomfører vedlikehald på.